**ORDLISTE – VÅR NYE DIGITALE VERDEN** **september 2020**

| Namn | Kva er dette? | Kva blir det brukt til? |
|---|---|---|
| **Skylagring**  | Dette er ein stad å lagra dokument, filmar og bilete du har tilgang til frå internett. Du kan lagra inn når som helst, frå kvar som helst, for å få tak i det du har lagra der. Du kan samanlikna deg med ein minnepinn med uendeleg lagringskapasitet. Det er ulike «firma» som tilbyr lagring i sky. Du kan få meir plass til lagring, om du har behov for dette. Skylagring blir ikkje «fullt» som K og H kan bli. | |
| **Onedrive** OneDrive | OneDrive er namnet på ei teneste som tilbyr lagring i sky, det er «ei sky.» Det er Microsoft som er utgivar. Her kan du lagra dokument, bilete og filmar. Dette er ditt private område for lagring, din «minnepinne.» Du kan opna dine dokument på pc, læringsbrett og telefon. | Her skal du lagra dine dokumenter, bilete og filmar. Erstattar H og K. |
| **Sharepoints** | Sharepoint er ein stad der du kan dela filer. Det er ikkje meint på vera ein stad der du har dine private filer. Alt er tilgjengeleg for dei du har oppretta eit Sharepoint med. | Teams erstattar Sharepoint? Denne brukar me ikkje? |
| **Icloud** iCloud | Icloud er, som OneDrive, namnet på ei teneste for lagring i sky. Dette er Apple sin lagring. | Sauda kommune kan ikkje ta sikkerhetskopi av det du lagrar i ICloud, derfor skal ikkje denne bli brukt i arbeid. |

| | | |
|---|---|---|
| **Microsoft Office/ Office 365** | Dette er ei samlenamn på Microsoft sine skrive- kommunikasjon- og rekneverktøy. Det omfattar bl.a Word, Excel, Powerpoint, OneNote, Teams, Outlook, Skype | |
| **Word** | Skriveprogram, har skrivestøtte på BM og NN på pc, kun BM på Ipad. | |
| **Excel** | Rekneark | |
| **Powerpoint** | Presentasjon | |
| **OneNote** | Digital notatblokk. Med «skiljeark.» | |
| **Outlook** | Epost | |
| **Teams** | Teams er eit samhandlingsverktøy «i skya», der du kan dela filer, bilete og filmar med andre. Når det er skylagring, kan du opne dette alle stader du er og har tilgang til Teams. Du kan også chatte med andre og bruke det som Skype. Du oppretter eit TEAM for kvart tema du ønskjer, og inviterer eller blir invitert med. | |
| **Skype** | Eit program der du kan kontakta personar over heile verda og snakka med dei mens du ser dei «live.» Tilsvarar Facetime eller liknande | |

| | | |
|---|---|---|
| **Norsk helsenett**   | Trygt digitalt møterom for personsensitive samtalar. Leiarane har opplæring i dette, og kan hjelpa til med bruk.<br><br>Først og frems til BTI-møte, men andre møte kan også blir aktuelle. | |
| **Iwork** | Dette er Apple (Ipad) sitt samlenamn på skrive- og rekneappane Pages, Numbers og KeyNote. Dette tilsvarar Microsoft sitt samleord Office, som består av Words, Excel og Powerpoint. | |
| **Pages** | Microsoft har Office-pakken med Word, Excel og Powerpoint.<br>Apple har Iwork appar med Pages, Numbers og Key Note.<br>Pages er tilsvarande Word, dvs. tekstbehandlingsprogram. | Skriveprogram for elevar.<br>Har ikkje nynorsk skrivestøtte. |
| **Numbers** | Numbers er del av Iwork til Apple, og tilsvarar Excel. | |
| **Keynote** | Keynote er del av Iwork til Apple og tilsvarar Powerpoint. | |

| | | |
|---|---|---|
| **Intowords** | Intowords er eit tastatur på læringsbrettet som gir lese- og skrivestøtte til elevar som treng dette. Dei kan få støtte på bokmål, nynorsk og engelsk. Dei kan bruka Intowords på eksamen. | https://www.statped.no/laringsressurs/sprak-og-tale/IntoWords/ |
| **Showbie** | Showbie er Sauda kommune si læringsplattform. Tilsvarande It's learning. | |
| **Compilo** | Compilo er Sauda kommune sitt internkontrollsystem. Her skal alle rutinar som gjeld for drift vera. Det er eit lovkrav å ha internkontrollsystem.<br>I Compilo melder du også avvik. | |
| **Websak** | Websak er Sauda kommune sitt elevarkiv. Dette er den digitale forma for dei mappene me hadde i arkivskap før.<br>Informasjon om eleven blir lagra her i 10 år etter dei har slutta skulen.<br>Eleven og føresette har rett til å ha innsyn i «mappa si», dvs. det som blir lagra der kan bli synleg for elevar og føresette. | |
| **Visma Flyt skole** | Visma Flyt skole er et administrasjonsprogram for elevinformasjon og kontakt med heimen.<br>All informasjon frå Visma Flyt skole blir sendt til websak, som er elevarkivet.<br>Elevar og føresette kan logga seg inn med BankId og sjå informasjon som er lagra om eleven. | Informasjon om eleven og foresatte<br>Fråvære<br>Anmerkingar (Her kan ein skjule frå heimeweb, om det er ønska at informasjon skal varslast heim om.)<br>Halvårsvurdering<br>Sluttvurdering |

| | | |
|---|---|---|
| **Min Skole ansatt** | App for å senda/motta meldingar frå heimen og administrera fråvære.<br>Vil få fleire og fleire funksjonar. | NB! SMS-funksjonen i Visma Flyt Skole er fasa ut, og erstatta av meldingar i Min skole.<br>Det fleirsifra nummeret føresette før kunne senda meldingar i, fungerer ikkje lengre. |
| **Min Skole foresatt** | App for å senda/motta meldingar frå skulen og melda frå om fråvære.<br>Vil få fleire og fleire funksjonar. | NB! SMS-funksjonen i Visma Flyt Skole er fasa ut, og erstatta av meldingar i Min skole.<br>Det fleirsifra nummeret føresette før kunne senda meldingar i, fungerer ikkje lengre. |
| **Visma Employee** | Administrasjonsprogram for deg som tilsett. | Her legg du inn din eigen cv og oppdaterer denne når du aukar kompetansen din/får ny erfaring.<br>Eigenmelding<br>Reiserekning<br>Du kan laste ned app på læringsbrett og/eller telefon. |
| **GDPR** | Dette er eit nytt og strengare regelverk for å beskytta personvernet til kvar borgar i samfunnet. Stiller høge krav til korleis me handsamar lagring av personinformasjon, kva innloggingsnivå (sikkerhetsnivå) me har til program med elevinformasjon m.m.<br>Innført frå 25.mai 2018.<br>Høge bøter kan venta kommunar som bryt lova. | Kva tilsett har eit ansvar for kva som blir skrive i fritekstfelt.<br><br>Stafettloggen og Websak er sikre område, jmfr. GDPR-lovverket.<br>Visma Flyt Skole er ikkje på eit høgt nok sikkerhetsnivå. I Visma Flyt Skole skal ikkje skrivast personsensitiv informasjon.<br>Les meir om kva dette er. |